



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

Kulturrådet, Musikkseksjonen  
Postboks 8052 Dep.  
0031 OSLO

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
	23.02.2017	45238/2017/C35	Lene Mordal, 71 28 03 22	03.04.2017

### **Innspill frå Møre og Romsdal fylkeskommune om utvikling av strukturen i de regionale kompetansesentrene for musikk**

Møre og Romsdal fylkeskommune ønsker å kome med innspel på notat motteke 23. februar 2017 frå Kulturrådet, «Innspillsrunde om utvikling av strukturen i regionale kompetansesentre for musikk» med frist 3. april 2017.

#### **Bakgrunn**

Møre og Romsdal fylkeskommune har gjennom fleire tiår utvikla ein regional kulturpolitikk gjennom systematisk planlegging og utvikling av kulturområdet. Gjennom god dialog, møteplassar og ulike nettverk har vi fått god oversikt og kjennskap til det breie musikkfeltet i fylket. Fylkeskommunen har dei siste 30 åra opparbeidd seg god kunnskap om musikkfeltet gjennom til dømes Møremusikarordninga med 10 fast tilsette musikarar og 75 frilandsmusikarar (2016). Den regionale musikkpolitikken blir også justert og utvikla gjennom årlege kontaktmøte med institusjonar og organisasjonar som gjer seg nytte av profesjonelle musikarar. Møre og Romsdal fylkeskommune tildeler årlege driftstilskot (eittårig, treårig og faste) og prosjekttilskot til musikkfeltet. I 2016 fordelte vi 14,3 millionar kroner (vedlegg 1) til dette formålet.

Møre og Romsdal fylkeskommune sitt tilskot til Midtnorsk kompetansenettverk for rytmisk musikk (MINK) var i 2016 på 130 000 kroner. I tillegg fekk Midtnorsk Jazzsenter 84 000 kroner. Fylkeskommunen får tilsendt årsrapportar som viser aktivitet/drift og økonomi i begge organisasjonane.

Møre og Romsdal fylkeskommune deltok på møte med Kulturrådet og Nord- og Sør-Trøndelag fylkeskommunar våren 2016, der tema om musikkutvikling i Midt-Noreg vart tatt opp. Det vart i etterkant sendt eit felles innspel på vegne av dei tre fylka i august 2016. Møre og Romsdal fylkeskommune deltok i tillegg på Kulturrådet sitt innspelsmøte 3. mars 2017.

Vårt innspel til Kulturrådet i august 2016 står framleis ved lag (vedlegg 2). Fylkeskommunen som kompetanseorganisasjon og regional utviklingsaktør medverkar til regional musikkutvikling gjennom fag, nettverk og økonomiske tilskot. Som følgje av god kontakt med institusjonar og samarbeidspartar, har vi moglegheit til å rette innsatsen der det til ei kvar tid er behov. Fylkeskommunen er opptatt av sjangerlikeverd i regionen, og kan aktivt bidra til dette i form av planer, kompetanse og økonomiske tilskot. Fylkeskommunen er allereie i dag ein god støttespelar for ulike miljø i heile

sjangerspekteret innan musikkfeltet i fylket. Vi har i tillegg ein lang tradisjon for konsertbesøk for barn og unge i barnehage, grunnskule og vidaregåande skule, der prinsippet om mangfald og variasjon blir teke vare på.

### **Vurdering av Kulturrådet sitt notat**

Notatet om utvikling av strukturen i regionale kompetansesentre for musikk gir ein god nasjonal historikk. Det løftar opp opne og gode spørsmål om vidare vegval. Fylkeskommunen deler oppfatninga om at etablering, organisering og drift av nettverk/sentre generelt blir oppfatta som uryddig og utydeleg. I tillegg var forankringsprosessen i samband med etableringa av MINK ikkje god. Då nettverka vart oppretta nasjonalt, opplevde vi å bli kontakta i ettertid med forventning om medfinansiering. Vi er spørjande til utbyttet og synergjar som det finansielle bidraget har gitt Møre og Romsdal. I den samanheng vil Møre og Romsdal fylkeskommune vurdere vårt tilskot til både MINK og Midt-Norsk jazzsenter i 2018.

Region- og kommunereforma vil danne nye moglegheiter for utvikling av god regional politikk. Framtidig organisering av dei regionale sentra og nettverka bør vere samanfallande med regiongrensene.

Møre og Romsdal fylkeskommune har gjennom «Program for kreative næringer i Møre og Romsdal 2013-2016» sett fokus på verdiskaping i kreative næringer, kor musikkfeltet er ein viktig bransje. Programmet har vore ein suksess på grunn av at tilboda har vore tilpassa behov i næringa. Utviklingsprosjekta har vore fleksible og fylkeskommunen har vore tett kopla på prosessane. I Møre og Romsdal har vi hoppid.no (gründerprogram) som kan utvikle musikkfeltet gjennom å tilby spesialtilpassa kompetansehevande tiltak. Hoppid.no er ein partnerskap mellom fylkeskommunen, kommunane, Fylkesmannen og Innovasjon Norge, og er slik godt forankra i fylket.

I Handlingsprogram for kultur 2017 er det vedteke å utarbeide ny kunstpolitikk for Møre og Romsdal. Kunstpolitikken har som mål å styrke kunstnarane sine rammevilkår og arbeidstilhøve i fylket. Ei av oppgåvene vil vere å kartlegge behov for tilgang til nettverk og kompetanse på musikkfeltet.

Møre og Romsdal fylkeskommune held fast på at Modell 4 er ein riktig modell for vårt fylke. Modellen legg opp til eit tydeleg forvaltningsnivå og bidreg til eigarskap og betre oversikt over musikkfeltet. Rollefordelinga mellom fylkeskommune og sentre/nettverk framstår som uklar. Kulturrådet sitt innspelsnotat stadfestar difor vårt inntrykk av at feltet blir opplevd og forstått ulikt. Vi støtter Kulturrådet sitt initiativ, og har tillit til at prosessen ender opp i ein ryddig eigarstruktur for framtida.

Møre og Romsdal fylkeskommune er førebudd på å ta ansvar for utvikling av musikkfeltet i eige fylke. Modell 4 vil tydeliggjere rolla og passar saman med våre eksisterande oppgåver i dag.

Vårt regionale handlingsrom i kulturpolitikken kan utvidast, og gjerne i samarbeid med Kulturrådet, Kreativt Norge, musikkmiljø i fylket, eller andre sjangeroverskridande institusjonar som bidreg positivt i vår region med både kvalitet og kvantitet.

Med helsing

Heidi-Iren Wedlog Olsen  
fylkeskultursjef

Lene Mordal  
rådgivar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og krev derfor ikkje signatur*

- 1 Tilskot til musikkfeltet i Møre og Romsdal i 2016
- 2 Innspel frå Sør-Trøndelag, Nord-Trøndelag og Møre og Romsdal fylkeskommunar